
Fra: asgeir.mjoes@gmail.com på vegne av Asgeir Mjøs <amjoes@online.no>
Sendt: 29. april 2015 10:35
Til: Postmottak Radøy
Emne: Arkiveringsrutiner i Radøy Kommune

Dette er ikkje ei klage på ei sak eller sakshandsaming, berre eit spørsmål om arkiverings- og publiseringsrutiner.

Eg brukar ei sak er er kjend med som eksempel:

Eg har ei delings sak som stammar frå i fjor, det gjeld gnr 16 bnr 12.

Saka har etterkvart fått mange dokument og forskjellige arkivnummer, det siste er 15/995, eit brev som er journalført den 16.04.2015. Ellers finn ein all tidlegare korrespondanse i arkivsak 14/1199 og 14/1337.

Det siste utgåande brevet til meg og fleire har denne DokumentID: **15/995 - Landbrukssak - Gbnr 1612 Mjøs - søknad om deling**

Saka er oppført med kommentar "**0 dokument**".

Men saka har eit dokument, eit brev til meg med fleire.

Brevet har eg fått som som **Word-dokument** (ikkje pdf), sent som E-post den 01.04.2015.

Eg snakka mandag 27.04.15 med ein person som arbeider på arkivet for å få ei forklaring på dette med "0 dokument".

Eg foppfatta då svaret slik at ein ikkje kan offentleggjera dokument elektronisk som inneheld gards- og bruksnr., fordi ein då skal kunne kobla saman matrikkel med adresser. Dette vart grunngeve med Matrikkellova.

Dette forstår eg ikkje heilt, for i den nemnde saka kan ein sjå i postloggen kven brevet er sendt til, så kobling mellom gnr/bnr og adresse er allerede skjedd?

Alle tidlegare dokument i same sak, sak 14/1337 som er skrivne i 2014 er både offentleggjort og publiserte, og eg kan ikkje sjå nokon prinsipiell forskjell på dette siste dokumentet og tidlegare dokument.

Eg ser i journalen for 16.04.2015 at det finns saker med gards og bruksnr der ein finn minst 4 variantar:

- Dokumentet er unnateke det offentlege etter (eksempel 15/4208)
- Dokumentet er offentleg, men ikkje publisert (eks. arkivsak 15/3738)
- 0 Dokument (eks. 15/995, men eg veit at det finns 1 dokument)
- Dokumentet er publisert (eks. arkivsak 15/4189 og 15/3874))

Det finns sikkert fleire eksempel.

Eg forstår godt at å unnta dokument frå å vera offentleg må grunngevast, og det ser eg vert gjort med henvisning til aktuell lov

Kva er den lovmessige forskjellen på saker som har "offentlege, men ikkje publiserte dokument" og saker med "0 dokument"?

Eg reknar med at det framleis er slik at ein kan be om innsyn i dokument som er offentleg, men ikkje er publisert, men kva med saker der det er registrert "0 dokument", men der det likevel verkeleg finns minst 1 dokument? Kan ein få innsyn i brev som er registrert som "0 dokument"?

I det "gamle" systemet fanns det ein funksjon der ein utan å ringja til kommunen, eller senda ein eigen E-post, kunne "trykkja på" eit val på skjermen for å be om å få tilsendt dokumentet. Dette var enkelt og greitt. Det spara sikkert sørvistorget for ein del arbeid. Denne funksjonen kan eg ikkje finna i det nye arkivsystemet.

Kva er grunnen til dette?:

- er det eit bevisst valg frå Radøy kommune at ein ikkje skal ha ein slik funksjon

- eller er det eit "lovpålagt" krav at ein må ringja til kommunen eller senda ein E-post for å få innsyn.

Til slutt vi eg nemna at når ein prøver å bruka funksjonen "**Postlister og politiske saker før 6. februar 2014**", så får ein (framleis) følgjande feilmelding:

Server Error

404 - File or directory not found.

The Resource you are looking for might have been removed, had its name changed, or is temporarily unavailable.

Denne feilen melde eg frå om i ein E-post til kommunen den 11.02.2015.

Med helsing
Asgeir Mjøs